

Hemmelig

78.

**Dette eksemplar bedes tilbakelevert Stortingets kontor når saken er behandlet av Stortinget.**

### **Innst. S. I.**

#### **Tilråding frå den forsterka militærnemnda om verksemda til Nøytralitetsfondet til 31 mars 1939.**

(St. meld. nr. 38, 1939.)

Til Stortinget.

Under dryftinga av denne saka har militærnemnda vore forsterka med two medlemer frå finans- og tollnemnda, d'herrar Haavardstad og Moseid.

Nøytralitetsfondet er skipa ved Stortingsvedtak av 31 mars 1938. Fondet som var på 52 mill. kr. skal etter Stortingsvedtaket nyttas såleis:

Til styrking av nøytralitetsvernet .....	kr. 25 300 000
Sivilt luftvern .....	» 2 000 000
Elektrisering av jarnbanar ...	» 4 000 000
Elektrisitetsforsyning .....	» 4 000 000
Forsyningar .....	» 15 000 000
Renter til 1 juli 1940 .....	» 1 700 000
	<u>kr. 52 000 000</u>

Finansdepartementet har i medhald av vedtaket teki opp eit 3½ pst. innanlandsk statslån på 52 mill. kr. som vert betalt av långjevarane med

kr. 15 000 000 pr. 1 august 1938  
» 20 000 000 » 1 februar 1939  
» 17 000 000 » 1 august 1939.

Lånet er avdragsfritt i two år og skal deretter betalast attende i 9 år etter annuitetsprinsippet, første avdrag 1 februar 1941.

Om lånet viser departementet ellest til St. meld. nr. 14, 1939.

Forvaltinga og rekneskapsføringa for fondet gjer departementet greie for i meldinga s. 4.

Driftsrekneskapen for fondet syner at det pr. 1 april 1939 står unytta av fondet kr. 45 655 759,94.

I meldinga er det vidare gjort greie for kva som er betalt ut og rekneskapsført til dei ymse føremål pr. 31 mars 1939.

Etter det som ligg føre set nemnda opp dette samandraget over dei summar som er løvvde, disponera og betalt pr. 1 april 1939:

	Løyvt Kr.	Disponert Kr.	Rest Kr.	Betalt kr.	Rest Kr.
Forsvaret . . . . .	25 300 000	25 300 000	0	2 704 077,41	22 595 922,59
Sivilt luftvern . . . .	2 000 000	2 000 000	0	15 015,45	1 984 984,54
Elektrisering av jarnbana . . . . .	4 000 000	3 750 000	250 000	500 000,00	3 500 000,00
Elektrisitetsforsyning . . . .	4 000 000	0	4 000 000	0	4 000 000,00
Forsyningar . . . .	15 000 000	9 947 750	5 052 250	2 977 127,22	12 022 872,78
Rentor . . . . .	1 700 000	1 700 000	0	148 019,97	1 551 980,03
<b>Sum . . .</b>	<b>52 000 000</b>	<b>42 697 750</b>	<b>9 302 250</b>	<b>6 344 240,06</b>	<b>45 655 759,94</b>

Dei utgifter til ymse forsyningar som er kjøpt for midlar av Nøytralitetsfondet er førde til endeleg utgift i driftsrekneskapen og ikkje tekne med på aktivitasida i balansekonta for fondet.

Fagdepartementa har gjeve melding

til Finansdepartementet om verksemda for kvar sin lut av Nøytralitetsfondet. Om det viser ein til meldinga s. 8—26.

Forsvarsdepartementet har før gjeve eit oversyn over korleis løvvingane til militære føremål er nytta i St. meld. nr. 28,

1939, og militærnemnda har i Innst. S. G. gjeve tilråding om denne meldinga. Ein viser til den tilrådinga.

Til meldingane frå Justisdepartementet og Arbeidsdepartementet har nemnda ikkje noko å merka.

Handelsdepartementet opplyser at det ved kgl. resolusjon av 31 mars 1938 er sett ned eit «kriseutval» som skulde planleggja og koma med framlegg om korleis dei 15 mill. kr. som er løyvde av Nøytralitetsfondet til forsyningar skulde nyttas. Kriseutvalet samrår seg med Norges økonomiske Selvhjelpsråd.

Frå Kriseutvalet ligg føre melding for 1938 og 1. kvartalet 1939.

Utvalet har dels gått til beinveges kjøp og lagring av varer og dels har ein fått importørane til å dekkja sjølve kjøpesummen, men såleis at lagerleiga, renter m. v. vert dekte av Nøytralitetsfondet.

Utvalet har rekna med ei lagringstid på 2 år, d. v. s. til omlag 1 juli 1940, og har disponera midlane etter det.

I kontraktane heiter det:

«Varene skal ligge lagret i Norge som reservebeholdninger med krise for øye. Staten har rett til en lagringstid av minst 2 år, dog skal avtalen kunne oppsies fra statens side etter 1 år med 6 måneders varsel. For øvrig kan lagringen bringes til opphør etter 6 måneders varsel fra en av partene.»

Utvalet opplyser at det må segja opp alle avtaler pr. 1 januar 1940 om det ikkje til den tid vert syt for nye midlar til å halda fram med lagringa.

Nemnda går ut frå at Regjeringa om ho finn at situasjonen er slik at det er

turvande har fullmakt til å la lagringskontraktane stå ved lag ut over 1 juli 1940. Ein går då ut fra at saka, i tilfelle med framlegg om tilleggsloevning, vert lagt fram for Stortinget straks etter det er kome saman i januar 1940.

Utvalet segjer (s. 21 i meldinga):

«Det er innlysende at det som Kriseutvalget kan få utrettet på de forskjellige områder med de 15 mill. kroner i virkeligheten betyr en meget liten bedring alt i alt av landets kriseberedskap.»

Nemnda strekar under dette. Men nemnda meiner at det må vera høve til å nyutta midlane såleis at ein reknar med verdet av dei lagre som er kjøpt for midlar av Nøytralitetsfondet. Føresetnaden må då vera at det vert disponera såleis at ein ved endelig oppgjer, etter at lagera er realisert til vanleg markedspris, ikkje får overskridning på løyvinga.

Under føresetnad av at ein disponerer fondet som ovanfor nemnt vil det vera naudsynt mellombils å ha rådvelde over ein større sum, og nemnda går ut frå at det kan nyttas midlar av det lånet det er gjort framlegg om i St. prp. nr. 109, 1939.

Med desse merknader og meddi ein viser til meldinga rår nemnda Stortinget til å gjera sovore

vedtak :

St. meld. nr. 38 vert å leggja til møteboka.

Oslo i den forsterka militærnemnda 2 juni  
1939.

Hans Seip,  
formann og ordførar.

Jakob Vik,  
sekretær.